

## KOMMISJONSVEDTAK

2012/EØS/16/33

av 15. februar 2007

**om å reservere den nasjonale nummerserien som byrjar med «116», til harmoniserte nummer for harmoniserte tenester av sosial verdi(\*)**

[meldt under nummeret K(2007) 249]

(2007/116/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/21/EF av 7. mars 2002 om felles rammeregler for elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester (rammedirektivet)<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 10 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtanane:

- 1) Det er ønskjeleg at borgarane i medlemsstatane, medrekna reisande og funksjonshemma brukarar, skal kunne nå visse tenester av sosial verdi ved å nytte dei same, attkjennelege numra i alle medlemsstatane. For tida finst det ei rekkje ulike nummer- og innvalsplanar i medlemsstatane, og det finst ingen felles nummerplan som reserverer dei same telefonnumra for slike tenester i Fellesskapet. Difor krevst det fellesskapstiltak for dette føremålet.
- 2) For at sluttbrukarane skal kunne få tilgang til desse tenestene ved å nytte det same nummeret i dei ulike medlemsstatane, må nummerressursane harmoniserast. Kombinasjonen «same nummer — same teneste» vil sikre at ei viss teneste i alle medlemsstatane alltid høyrer saman med eit særskilt nummer innanfor Fellesskapet. Dette vil gje tenesta ein felleseuropeisk identitet som vil kome dei europeiske borgarane til gode ved at dei vil vite at eitt og same nummer vil gje dei tilgang til den same tenesta i ulike medlemsstatar. Dette tiltaket vil fremje utviklinga av felleseuropeiske tenester.
- 3) For å spegle av den sosiale funksjonen til dei aktuelle tenestene bør dei harmoniserte numra vere gratisnummer, utan at dette inneber at operatørane vert pålagde å betale for oppringingar til 116-nummer. Difor er det eit viktig trekk ved den harmoniseringa som skal gjennomførast, at numra er gratis.

4) For å sikre at dei harmoniserte numra vert nytta til den typen tenester som dette vedtaket omfattar, må det fastsetjast vilkår for å kontrollere arten av dei tenestene som vert ytte.

5) Det kan vere naudsynt å knyte særlege vilkår til retten til å nytte eit særskilt harmonisert nummer, t.d. ved at den aktuelle tenesta må vere tilgjengeleg 24 timar i døgnet og sju dagar i veka.

6) I samsvar med rammedirektivet har dei nasjonale reguleringsstyresmaktene ansvaret for å forvalte nasjonale nummerplanar og for å kontrollere tildelinga av nasjonale nummerressursar til einskilde føretak. I samsvar med artikkel 6 og 10 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/20/EF av 7. mars 2002 om tillatelse for elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester (tillatelsesdirektivet)<sup>(2)</sup> kan det knytast vilkår til bruken av nummer, og det kan setjast i verk sanksjonar i tilfelle der desse vilkåra ikkje vert oppfylte.

7) Lista over særskilde nummer i den nummerserien som byrjar med «116», bør ajourførast jamleg i samsvar med framgangsmåten i artikkel 22 nr. 3 i rammedirektivet. Medlemsstatane bør syte for å gjere det kjent at det finst slike nummer, på ein slik måte at numra vert gjorde tilgjengelege for alle partar som det gjeld, t.d. gjennom nettstadene til medlemsstatane.

8) På grunnlag av rapportar som medlemsstatane sender over til Kommisjonen, vil Kommisjonen vurdere om dette vedtaket treng reviderast eller tilpassast i lys av dei røynslene som vert gjorde, særleg med omsyn til om ei særskild teneste som det er reservert eit nummer til, er vorten utvikla på felleseuropeisk grunnlag.

9) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Kommunikasjonsutvalet —

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 49 av 17.2.2007, s. 30, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 11/2008 av 1. februar 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg XI (Telekommunikasjonstjenester), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 33, 12.6.2008, s. 18.

(1) TEF L 108 av 24.4.2002, s. 33.

(2) TEF L 108 av 24.4.2002, s. 21.

GJORT DETTE VEDTAKET:

#### *Artikkel 1*

##### **Føremål og verkeområde**

Nummerserien som bytjar med «116», skal i nasjonale nummerplanar reserverast til harmoniserte nummer for harmoniserte tenester av sosial verdi.

Dei særskilde numra innanfor dette nummerområdet, og dei tenestene som kvart nummer er reservert til, er førde opp i vedlegget.

#### *Artikkel 2*

##### **Harmoniserte tenester av sosial verdi**

«Harmonisert teneste av sosial verdi» er ei teneste som svarar til ein felles karakteristikkk, som er tilgjengeleg for einskildpersonar gjennom eit gratis telefonnummer, som kan ha verdi for personar som er på vitjing frå andre statar, og som oppfyller eit særskilt sosialt behov som særleg medverkar til velferda eller tryggleiken til borgarane eller til særlege grupper av borgarar eller er til hjelp for borgarar som er i vanskar.

#### *Artikkel 3*

##### **Reservering av særskilde nummer innanfor nummerserien «116»**

Medlemsstatane skal syte for at

- a) dei numra som er førde opp i vedlegget, vert nytta berre til dei tenestene som dei er vortne reserverte for,
- b) nummer innanfor nummerserien «116» som ikkje er førde opp i vedlegget, ikkje vert nytta,
- c) nummeret 116112 verken vert tildelt eller nytta til noka som helst teneste.

#### *Artikkel 4*

##### **Vilkår som er knytte til retten til å nytte harmoniserte nummer**

Medlemsstatane skal knytte dei følgjande vilkåra til retten til å nytte harmoniserte nummer til yting av harmoniserte tenester av sosial verdi:

- a) Tenesta gjev informasjon eller hjelp til eller er eit rapporteringsverktøy for borgarane, eller ein kombinasjon av dette.
- b) Tenesta er open for alle borgarar utan noko krav til registrering på førehand.
- c) Tenesta er ikkje tidsavgrensa.
- d) Det er ikkje knytt noka betaling eller betalingsplikt til bruken av tenesta.
- e) Ein samtale skal ikkje innehalde reklame, underhaldning, marknadsføring og sal, og samtalen skal heller ikkje kunne nyttast til sal av kommersielle tenester i framtida.

I tillegg skal medlemsstatane knytte særlege vilkår til retten til å nytte harmoniserte nummer i samsvar med vedlegget.

#### *Artikkel 5*

##### **Tildeling av harmoniserte nummer**

1. Medlemsstatane skal gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at dei rette nasjonale reguleringsstyresmaktene frå og med 31. august 2007 kan tildele dei numra som er nemnde i vedlegget.
2. Oppføringa av eit særskilt nummer og den tilhøyrande harmoniserte tenesta av sosial verdi inneber ikkje noka plikt for medlemsstatane til å sikre at ytinga av den aktuelle tenesta finn stad på territoriet deira.
3. Når eit nummer er vorte ført opp på lista i vedlegget, skal medlemsstatane på nasjonalt plan gjere kjent at det særskilte nummeret finst tilgjengeleg for yting av den tilhøyrande harmoniserte tenesta av sosial verdi, og at søknader om bruksrett til dette nummeret kan sendast inn.
4. Medlemsstatane skal sikre at eit register over alle harmoniserte nummer, med dei tilhøyrande harmoniserte tenestene av sosial verdi som finst tilgjengelege på territoriet deira, vert halde ved lag. Registeret skal vere lett tilgjengeleg for ålmenta.

#### *Artikkel 6*

##### **Overvaking**

Medlemsstatane skal jamleg melde frå til Kommissjonen om korleis dei numra som er førde opp i vedlegget, vert nytta til å yte dei tilhøyrande tenestene på territoriet deira.

*Artikkel 7*

**Adressatar**

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 15. februar 2007.

*For Kommisjonen*

Viviane REDING

*Medlem av Kommisjonen*

---

*VEDLEGG***Liste over nummer som er reservert for harmoniserte tenester av sosial verdi**

Nummer	Teneste som dette nummeret er reservert for	Særlege vilkår som er knytte til retten til å nytte dette nummeret
116000	Direktelinje for forsvunne barn	